

# HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev februar 2002

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00

Møtestad: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid

President: Johs .J. Hareide

Visepres.: John Stennes

Sekretær: Aage Nytnun

Kasserar: Oddvar Haugen

Past pres.: Karl Johan Brandal

Styremedlem: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Ingar Bigset

Leiar for

Ungd.utv.:

Ansv. Red.: Elisabet Sundgot

## Fødselsdagar i Mars:

Svein Johs. Flø 01.03

Jacob Pieroth 07.03

Jarle Klungsøyr 26.03

## 100% frammøte i februar:

Ingar Bigset, Hallkjell Dahle,  
Johs. J. Hareide,  
Jan Håvard Nytnun, Elisabet  
Sundgot,  
John Stennes, Jarle Klungsøyr,  
Alf Øvrelid.

## Ord for tanken....

”Herren foretrekker alminnelige mennesker.  
Det er derfor han lager så mange av dem.”  
Abraham Lincoln

”Den eneste visdom vi kan håpe å oppnå  
er ydmykhetens visdom.”  
T S Elliot

”En skal ikke tenke såmye påhva en skal  
gjøre, men heller påhva en skal være.  
Gjerningene skal ikke foredle oss, men vi  
skal foredle våre gjerninger.”  
Mester Eckhart

”Godt gjort er bedre enn godt sagt.”  
Benjamin Franklin

## **Rotary møter i februar 2002.**

**Mandag 04.02.02**

**Mandag 11.02.02**

**Mandag 18.02.02**

**Mandag 25.02.02**

### **Mandag 04.02.02**

Starta med songen: "Tidt eg minnest ein gamal gard."

Nye Rotary medlemmar?

Presidenten informerte om namn på personar som var forslegne som nye medlemmar i Hareid Rotary. Det var i alt 10 namn, og forslagsstillarane vart bedne om å invitere dei "nye" til møta så dei kunne få gjere seg kjende med Hareid Rotary.

Dagens kassør: Ivar Grimstad.

Egoforedrag "Ting i mitt liv".

Ivar valde å vinkle foredraget sitt omkring ein spesiell heim i Hareid kommune: Kunstnarheimen Vonheim – Rasofielgarden.

Han snakka varmt om å ta vare på den unike kunstnarheimen Vonheim, og sa seg glad fordi det fanst krefter i Hareid som ville ta vare på denne heimen. Han meinte det var mange som visste altfor lite om dei som voks opp i denne heimen.

Det var ei stor og gåverik familie som voks opp framme på Vonheim.

Rasofiel var interessert i alt som kunne høgne livet for folk. Rasofiel eit sjeldent namn – namnet på ein engel.

Rasofiel utdanna seg til lærar før dette vart vanleg. Han fekk jobb både i Ulstein og Hareid.

Han gikk dagstøtt mellom Ulstein og Hareid. Han gikk overalt. Ein gong gikk han til Oslo.

Tok målarkurs med Bergsli og så gikk han tilbake.

Rasofiel var liten av vekst, men han utgav stor respekt.

Rasofiel fekk ei stor familie. 12 barn med kona Augusta Kappelen. Kappelen ogsåei kjent kunstnarfamilie. Kona Augusta døde på barselseng.

Dei hadde eit strevsamt liv. Både Rasofiel og barna hans. Det var ikkje lett å verte enkemann med ei elendig lærarløn og ein stor barneflokk å ta seg av. Det vart ei datter som tok seg av heimen og sørga for å opprettholde det heile.

Det var mykje sjukdom i den store syskjeflokken. Miste nokre både som barn og unge voksne. Ikkje så gode nerver i desse kunstnarsinn.

Rasofiel ofra seg for ungdommen. Ville gi dei gode retningsliner for livet. Han samla ungdomane dei søndagane det ikkje var gudsteneste og las Bjørnstjerne Bjørnson for dei unge.

Han skapte korsongen i Hareid.

Syskjeflokken var sosiale, men blyge. Dei var gåverike på mange måtar. Hermod var den som skulle kome lengst som kunstnar. Han gjorde kunsten til sitt levebrød. Han valde målarkunsten, men var ogsåein dyktig musikar.

Randulf vart lærar og ordførar i Hareid.

Til slutt viste Ivar til ein artikkel i Vikebladet / Vestposten 02.02.02 om denne familien. Ivar avslutta med desse orda: "Lat det bli alvor av å lage ei utstilling som viser at vår kommune har hatt ei slekt det er verdt å minnst. Ei slekt som har gitt bygda vår så mange rikdomar."

Vi applauderte Ivar for eit engasjerande foredrag.

## **Mandag 11.02.02**

Programmet vart besørget av Johan Ottesen som heldt foredrag om "Den sunnmørske selfangsten i Kvitsjøen."

Den sunnmørske perioden for selfangst i Kvitsjøen avgrensar seg stort sett til mellomkrigstida.

Ein brukar å rekne 1898 som starten for den sunnmørske selfangsten. Fangsten dei første åra vart stort sett driven i Vestisen og ved Svalbard.

Den første reine ishavsskuta som satsa på Kvitsjøen var "Helga" i 1911. Ho forliste i stretet seinare same året.

I Kvitsjøen byrja ungekastinga før enn i Vestisen, og det vart vanleg at skutene først gjekk til Kvitsjøen og deretter til Vestisen.

I Kvitsjøen var det mange skuter som forliste, men ikkje med så katastrofale fylgjer som i Vestisen og Stretet. Det er kort veg til land og dermed kunne mannskapet klare å berge seg når uhellet var ute.

Første verdenskrig var den store oppbyggingstida for selfangsnæringa på Sunnmøre, men etter krigen kom det eit dramatisk prisfall. Prisen på spekk fall frå kr. 2,70 i 1917 til 0,25 i 1921. I desse krisetider hjalp det å kunne byrje å bruke eit nytt, stort og nesten unytta fangstfelt slik som Kvitsjøen. Den auka fangsten der kunne til ei viss grad kompensere for dei låge prisane. Med åra gjekk fangstmengda ned også i Kvitsjøen og mange båtar forliste. Den sunnmørske fangstfloten som i 1924 talde 51 skuter var i 1940 redusert til 23.

I vanskelege isår var det mange forlis i Kvitsjøen. I 1928 var det heile 19 skuter av dei 86 som deltok som forliste det året.

Den norske fangsten i Kvitsjøområdet og i Austisen førte til konflikter mellom Noreg og Russland.

Dei russiske pomorane som dreiv selfangst langs kysten, meinte at nordmennene øydela fangstgrunnlaget deira. Avisene i Arkangelsk var kritiske mot dei norske inntrengarane. Norske båtar brydde seg lite om den russiske territorialgrensa.

I resten av foredraget fokuserte Ottesen på dei enkelte konfliktenes dette førte til mellom Noreg og Russland. I 1932 vart 10 norske selfangstskuter arrestert av russarane for ulovleg fangst.

Den siste arrestasjonen av norsk skute var i 1938. Heile fangsten vart beslaglagt.

I 1940 seier sume at det var ingen norske skuter att i Kvitsjøen medan andre seier at det var 3-4 skuter. Etter 1940 var det ingen norske skuter i Kvitsjøen.

Eit lærerikt og interessant foredrag.

## **Mandag 18.02.02**

Bedriftsbesøk.

Bedriftsbesøket denne gongen gikk til Ulstein Verft As sitt bedrifts museum.

Idar Ulstein hadde omvisning ved Ulstein Verft sitt bedrifts museum og tok oss med på verftet si historie frå starten i 1917 og fram til moderne skipsbygging.

Til slutt gav han oss nokre tankar om framtidige mulegheiter for å drive skipsbygging i Norge.

Omvisning.

Ulstein Verft sitt bedriftsmuseum vart etablert i samband med konsernet sitt 75-års jubileum i 1992.

Det var interessant å få fylgje utviklinga frå årar og segl, til motorar i båane og fram til moderne skipsbygging.

Det har vore ei enorm utvikling, og Ulstein Verft AS har klart å fylgje med, ligge i forkant av utviklinga.

Etter ei grundig omvisning i museet samla vi oss i møterommet og Idar Ulstein fortalde vidare om verftet si utvikling.

”Frå verkstad til konsern.”

Idar Ulstein fortalde om den rivande utviklinga som skjedde frå 1964 og utover. Ulstein Verft kjøpte etterkvart opp ganske mange bedrifter. Målet var å kunne yte bedre service til kundane. Norge er det mest komplette landet i verda på det maritime miljøet.

Ulstein Verft har ca. 600 tilsette i dag.

Framtida?

Er redd for framtida. Fryktar for arbeidskraft kostnadane. Norge er t.d. ikkje lenger konkurransedyktig på stålarbeid.

Rasjonalisering viktig stikkord. Modul design. Viktig å finne løysingar som kan gjenbrukast. Pre-outfitting også viktig for å få lønns kostnadane ned. 60% av arbeidstida går til gång, hente /bringe.

Idar Ulstein avslutta med at han håpte at verftet kunne holde det gåande minst 10 år til, og at Ulstein Verft nett hadde investert i ny dokk hall for å kunne konkurrere lengst mogeleg på ein stadig hardare pressa marknad.

Presidenten overrekte blomar og takk for eit godt foredrag.

## **Mandag 25.02.02**

Programfritt.

Ivar Grimstad fyller 80 år denne dagen 25.02.02.

Vi gratulerer han og ynskjer han mange gode år framover.  
Ivar Grimstad spanderte kaker på sine rotaryvener i høve den store dagen.

Orientering frå presidenten:

\* Prosjekt i Litauen.

Hareid Rotary er invitert til å delta i samarbeid med dei andre Rotary klubbane på Søre Sunnmøre.

\* 6 SE-utveksling.

Team frå Brasil kjem til vår region 8.-10.mai –02.

Internasjonal komité fekk ansvar for å planlegge besøket i samarbeid med presidenten og dei andre klubbane.